



Tone H. Moen og Vilde Grøtte er klar til å ta mot innrykket medan Eirik Sævardreid gjer klar betalingsterminalen.

Kl. 15 onsdag ettermiddag opna festivalkontoret i Gamleskulen, og alt frå første minutt strøymde folk til. Dei ville sjølvasagt kjøpa billettar, men også mange som hadde kjøpt billettar på nettet kom innom for å veksla billettane inn i armband. Dette er lurt for då slepp ein unna køståing når ein skal inn på konsertområdet på Dønhaug fredag og laurdag.

Til no er det selt over 3000 billettar dei to konsertdagane, og stalltipset går ut på at det vil bli utselt også i år. Dei som har oversikten meiner det kan vert utselt i alle fall i løpet av morgondagen.

I tillegg til salg av billettar, og innveksling i kjøpte billettar i armband, er det også salg av Festidalen-stæsj. Her kan ein velja mellom kule solbriller, T-skjorte, hettegensar, sjøstøvlar, caps og handlenett. Av T-skjorter er det små størrelsar av FestidaGen og større Festidalen-t-skjorter. Ballongar til barna vert også delt ut.

På festivalkontoret vil ein også få svar på spørsmål om det er noko ein lurer på. Dei besøkjande kan også setja seg nedpå og slappa av med kaffi og vafler.

Festivalkontoret har desse opningstidene:

Onsdag: 15.00- 18.00
 Torsdag: 13.00 – 18.00
 Fredag: 13.00 – 17.00
 Laurdag: 12.00 – 16.00

Til slutt minner vi igjen om at det kan vera lurt å veksla allereie kjøpte billettar i armband, og aller viktigast: **IKKJE VENT MED Å KJØPA BILLETTAR TIL DET ER UTSELT!**

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.